

## Til rådsmedlemene

Referansegruppa har gått igjennom utgreiinga som vi leverte 30.10.02, og har gjort ein del rettingar til den endelege utgåva som går til årsmøtet i Språkrådet. Denne siste versjonen med rettingar er datert 31.12.02 og er lagd på nettsidene åt Språkrådet under adressa

<http://www.sprakrad.no/nyno02.htm>

Høringsfråsegnene blir sende ut til rådsmedlemene, og ettersom dei har ein del tilvisingar til førsteutgåva frå 30.10.02, kan det vere mest praktisk at ein har førsteutgåva for handa og bruker dette rettingsarket. Dei som ønskjer papirversjon av sisteutgåva, kan altså skrive den ut frå nettsidene åt Språkrådet.

## Opprettingar i utgreiinga om nynorskrettskrivinga (versjonen frå 30.10.02)

S. 3: Eit nytt punkt skal inn:

- 2.2.4.i Sterke perfektum partisipp kan ha *-en/-i* i hokjønn (*skreven/skrivi*) .... 106
- 2.2.4.j Sterk og svak bøyning av *eige* ..... 107

Det tidlegare punktet 2.2.4.i blir til 2.2.4.k.

S. 4: Punkta 3.2.1.f–3.2.1.k skal ut. Dei er fellessak med bokmål på årsmøtet.

S. 5: Desse vedlegga kjem inn:

- 6 Frå seksjonsmøtet 13.5.02: Framlegg til omfang av valfridomen i ei nynorskrettskriving utan hierarki Fellesframlegg og Framlegg A ..... 228
- 7 2000-framlegget (sendt til Kulturdepartementet våren 2000) ..... 232

S. 6: Første avsnittet, femte linja: "(Jamfør vedlegg 1, pkt. 3 s. 190.)"

S. 7: Fjerde avsnittet, tredje linja: "(dvs. kap. 2 i denne utgreiinga)"

S. 14: Innrykt avsnitt: Stryk slutthermeteikn i siste linja.

S. 21: Andre og tredje avsnittet under 1.4.2 blir omredigert slik:

For elevar i ein lærings situasjon er den typen valfridom som aukar lyd–skrift–korrespondansen, eit gode (Wiggen 1992 og Hoel 1995). Berg (1999) peiker på at nynorskelevar meir enn bokmålslevar gjev uttrykk for at skriftspråket deira skal vera individuelt prega. Same undersøkinga ser ut til å slå fast at elevane ikkje får brukt valfridomen, fordi dei ikkje får undervisning i han, eller dei får ei lærarstyrt "norm". I ei

anna undersøking frå Larvik (Holm 1999) kjem det fram at sidemållærarane der uttrykkjer motvilje mot den vide rettskrivinga i nynorsk, samstundes som dei vedgår at dei manglar kunnskap om innhaldet i norma. Motsett er eit fleirtal av ei lærargruppe Kulbrandstad (1996) har undersøkt, positivt til den vide rettskrivinga. Ei undersøking frå 1997 (Vollan) dreg fram at lærarane ikkje får den jamlege og grundige informasjonen om rettskrivingsendringar som dei ynskjer, fordi skulane ikkje har råd til nye ordbøker så ofte som det trengst.

Ei felles standardspråksnorm er viktigare for journalistar enn for andre brukargrupper, viser undersøkinga av Roksvold i 1999, men tv- og radiojournalistar ynskjer i sterkare grad valfridom enn andre journalistgrupper. Eit fleirtal av lærebokforfattarar og forlagsredaktørar ynskjer å velja former som ligg ”midt på” (Mosling 1998).

Selback (2001) konkluderer med at over halvparten av respondentane i hennar undersøking av om lag 160 ”vanlege språkbrukarar”, er negative til valfridomen. Dette gjeld den samla gruppa av brukarar av begge målformene. Avgrensar ein utvalet til respondentane som er positive til nynorsk derimot, ser dei ut til å setja pris på mangfaldet (Selback 2001). Dei er òg opptekne av at språket har ein identitetsfunksjon, og det er truleg med og forklarar aksepten av variasjon innanfor nynorsknorma. Når det gjeld variantvalet, var informantane hennar (16–89 år) mest avvisande til dei *konservative* nynorskformene. Andre undersøkingar viser at mange språkbrukarar ynskjer å skriva “nøytralt”.

Rødningen (1999) er derimot inne på at stor normvariasjon gjer brukarane usikre, og talmaterialet hans (2000) viser at éin av fire som byter til bokmål hovudmål, gjer det fordi dei har problem med rettskrivinga i nynorsk. Den same grunngjevinga for å skifta frå nynorsk til bokmål gjeld 60 % av elevane i Årtuns undersøking først i 1980-åra.

#### S. 23: Nytt førsteavsnitt under 1.4.5:

Største granskinga i Noreg av skrivefeil hos skuleelevar er gjord av Geirr Wiggen. I avhandlinga *Rettskrivingsstudier II* (Oslo 1992) viser han at annakvart avvik frå rettskrivingsreglane hos barneskuleelevane har samsvar i talemålet, og at lydverk og formverk i talemålet pregar rettskrivingsfeila langt oppover i klassane. Berre sirka 10 % av avvika frå rettskrivinga er reine bokmålsformer – dvs. avvik som ikkje samtidig har støtte i talemålet. Wiggens konklusjon etter å ha studert eit svært materiale frå skuleelevar frå Valdres og Gudbrandsdalen er at grammatikken i talemålet er grunnleggjande for korleis elevar tileignar seg skriftmålet. Det poenget finn også støtte i doktoravhandlinga åt Vebjørn Skjelfjord (1975), som viser at elevar som lærer å skriva og lesa, kontrollerer mot sin eigen artikulasjon.

S. 48: Tredje avsnittet: ”I dei fleste av desse tilfella er forma utan -j- klammeform, ...”

S. 86: Under *Status i dag*, ordet ”*svi(de)*” skal stå berre éin gong.

S. 87: Nest siste avsnittet skal lyde:

Siste bøyinga viser at verbet blir bøygd i presens etter *nå*-klassen, som altså følgjer ein

regel om at verb som endar på trykktung vokal i infinitiv, får endinga *-r*. (For *gni(de)*, *skli(de)*, *stri(de)* og *vri(de)* gjeld "nå-bøyinga" òg preteritum, altså *gnidde* osv., og dermed kan dei bøyast heilt ut etter *nå*-klassen.)

S. 105: To nye punkt skal inn:

#### **2.2.4.i Sterke perfektum partisipp kan ha *-en/-i* i hokjønn (*skreven/skrivi*)**

##### *Status i dag*

I læreboknormalen skal sterke perfektum partisipp ha *-en* i dag, forma *[-i]* er klammeform.

##### *Framlegg*

Sterke perfektum partisipp skal framleis ha valfritt *-en* eller *-i* i hokjønn innanfor rettskrivinga.

##### *Normhistorikk*

Endinga *-i* her er ein del av *i*-målet, jamfør historikken under 2.2.1.d.

##### *Talemålsgrunnlag*

Jamfør under 2.2.1.d.

##### *Skriftmålsgrunnlag*

Jamfør under 2.2.1.d.

##### *Vurdering*

Vurderinga er her som under 2.2.1.d, dvs. at det høyrer til strukturen i *i*-målet å skriva t.d. *boki er skrivi*.

##### *Konklusjon*

Vi går inn for at *i*-målet skal ha ein plass i nynorsknorma, og då krev strukturen i målet at òg sterke partisipp skal kunna få den endinga. Jamfør elles 2.2.1.d.

Mindretalsframlegget frå 13.5.02 gjekk inn for å ta *i*-formene ut or nynorsknorma.

#### **2.2.4.j Sterk og svak bøying av *eige***

##### *Status i dag*

Verbet *eige* har i dag svak bøying som klammeform: *[eigde – eigd/eigt]*.

##### *Framlegg*

Verbet *eige* skal framleis kunna bøyast sterkt eller svakt i preteritum og perfektum partisipp, altså: *eige – eig – åtte – ått* eller *eige – eig – eigde – eigd/eigt*.

##### *Normhistorikk*

Den svake bøyinga vart teken inn i nynorsk i 1977.

### *Talemålsgrunnlag*

Det er ikkje gjort noka gransking av dette grunnlaget.

### *Skriftmålsgrunnlag*

Det er særleg i partisippet at den svake bøyinga står sterkt, t.d. i formuleringar som *Selskapet var eigd av NN og eit sjølveigd selskap*. Av frekvensordboka, som har eit materiale frå tida rett etter den svake bøyinga vart teken inn i norma, går det fram at preteritumsformene fordelte seg slik: *eigde* var funne 4 gonger mot *åtte 27*, medan det var 7 tilfelle av *eigd* og 3 av *ått*. Inntrykket er at denne svake bøyinga ikkje er vorten mindre brukt den seinare tida.

### *Vurdering og konklusjon*

Bruken av svak bøying er nok så stor at det er rimeleg å godta den svake bøyinga jamsides den sterke av dette verbet.

Neste punktet får nummeret endra til 2.2.4.k

Under *Framlegg* i pkt. 2.2.4.k skal det stå: "Svake perfektum partisipp" og "Sterke perfektum partisipp".

S. 109: Kolonnen til høgre: "*skunde [skynde]*" (Døma har e-infinitiv)

I kolonnen til høgre og i Tilleggsframlegg frå Åsmund Forfang, Helge Sandøy og Lars S. Vikør skal det føyast til: "*kopar/koppar*".

S. 110: Under *Normhistorikk* kjem dette inn (flytta frå s. 145 første avsnitt under *Normhistorikk/skriftmålsgrunnlag*):

"*Kopar* er oppført i Skards *Landsmaalsordlista* frå 1903, og i 1959 kom klammeforma [*koppar*] inn."

S. 111: Under frekvensoversikta (etter [*kors*]) kjem dette inn (flytta frå s. 145 første avsnitt under *Normhistorikk/skriftmålsgrunnlag*):

"[*koppar*] (3) *kopar* (1)"

S. 117: Under pkt. 3.2.1.c Fleirtalsformene *menner* .... og *Skriftmålsgrunnlag* skal avsnittet etter frekvensopplysningane lyde:

Av dei 117 belegga på *feil* kan sjølvsagt mange vera den ubundne forma i eintal, men me legg merke til at det er ingen døme på *feilane* i bunden form fleirtal. Når det gjeld *menner*, er ikkje den forma registrert. Utslaga for *mus/myser* og *skoa/skorne* er ikkje tydelege. Og berre eintalsforma av *lus* er oppført.

Andre setninga under *Vurdering* skal lyde: " I skrift er det derimot lite som talar for talemålsforma *menner*."

Teksten under *Konklusjon* skal endrast til:

Fleirtalsformene *menner, feilar – feilane, sko – skoa/skoi, vemmer – vemmene, myser – mysene, lyser – lysene* har såpass lita støtte i skrift- og talemål at me rår til å ta dei ut or norma.

S. 119–123: Punkta 3.2.1.f–3.2.1.k skal ut. Dei er fellessak med bokmål på årsmøtet.

S. 141: Første setninga under 3.2.4.h skal lyde: " Verbet *trå* 'gå, stiga' har i dag denne bøyinga:"

S. 145: Under **3.3.1 Konsonantvariasjon** går ”*pp/p*” ut  
 Under *Status i dag* går ”**pp/p** [*koppar*] *kopar*” ut.  
 Under Fellesframlegg går ”[*koppar*]” ut.  
 Under *Normhistorikk/skriftmålsgrunnlag* er det første avsnittet delt og flytta til s.110 og 111.

S. 146: Under *Vurdering/konklusjon* skal det stå: ”Ordet *muge* er såpass sjeldan brukt at ...”

S. 149: Under pkt. 3.3.2.b Anna vokalveksling .... *Framlegg for e-æ* skal det i første linja stå "*krekebær* [*krækjebær*]". Avsnittet skal avsluttast med setninga: "For *krekebær* [*krækjebær*] gjer vi framlegg om at *krekjebær* blir eineform."

S. 168: Kolonnen til høgre: ”*kome/koma/komme/komma*”

S. 174: Desse nye punkta skal inn:

#### **2.2.4.i Sterke perfektum partisipp kan ha -en/-i i hokjønn (*skreven/skrivi*)**

Når dei sterke partisippa står til eit hokjønnord (jf. *boki er skrivi*), skal dei innanfor i-målet ha endinga *-i*. Dette systemsamsvaret er utbreidd i dialektane. Elles er endinga *-en* det vanlege i nynorsk skriftmål: *boka er skreven*.

- Mindretalet har motframlegg om å ta ut den noverande klammeforma med [-i].

#### **2.2.4.j Sterk og svak bøyning av *eige***

Dette gjeld berre dette eine verbet, som ofte blir svakt bøygd i preteritum og perfektum partisipp.

Punktet 2.2.4.i Samsvarbøyning ... får nummereringa 2.2.4.k.

S. 176: Punkta 3.2.1.f–3.2.1.k skal ut.

S. 179: Under **3.3.1 Konsonantvariasjon** går ”*pp/p*” ut. Og første linja nedanfor lyder: ”Formene *mue, flit, mod, moda (på), slut* og *lett* går ut or norma, slik at *muge, flid* ... ”

S. 182: Her skal inn:

Skjelfjord, Vejbjørn Jentoft. *Fonemlæring i skolen. En drøfting av fonemlæring som forutsetning for tilegnelse av leseferdighet, og en studie av fonemlæring hos førskolebarn*. Universitetsforlaget Oslo, 1976.

S. 183: Her skal inn:

Wiggen, Geirr. *Rettskrivings-studier II*. Universitetet i Oslo 1992.

S. 218: Under **-m-**: ”gremme – gremde [gremte]

S. 226: Øvst til høyre: ”Mindretalsframlegg 2002”

S. 230: Her skal to nye vedlegg inn:

6 Framlegg A (frå Helge Sandøy og Lars S. Vikør) til seksjonsmøtet 13.5.02

7 2000-ramlegget

(Desse nye vedlegga ligg ved her.)